

Referat frå undervegsmøte

Detaljregulering for Knausen GBNR 42/13 m.fl. - Brattholmen

Saksnr.:22/21360

Dato:11.10.2023

Til stades	
Frå Øygarden kommune	Linn-Cecilie Martinson og Daniel Michael Larsen
Forslagsstillar/konsulent	Jan Espen Vik, Kjell Nordahl-Pedersen og Endre Nordahl-Pedersen

Saksopplysningar	
PlanID	PlanID: 20230002
Plannamn	Detaljregulering for Knausen GBNR 42/13 m.fl. - Brattholmen
Stadnamn (for rettleiingsmøte)	Straume Rådhus

Oppsummering:

Tema	Drøfting
Rekkefølgekrav - trygg skuleveg. Trafikkvurdering	- Plankonsulent/forslagsstillarar orienterte i starten at dei ville komma å presentera alternativ for trygg skuleveg i eit fysisk møte, for å få ein konstruktiv diskusjon om løysingane. - Kommunen inviterte dermed til møte, men informerte om at avklaringar for dei ulike løysingane ikkje kunne takast i møtet. - Plankonsulent presenterte ulike alternativ til skuleveg, og ein trafikkvurdering for området på bakgrunn av kommunens tilbakemelding i oppstartmøtereferatet. - Plankonsulent presenterte fire alternativ, og eit nullalternativ. - Plankonsulent har vurdert at Alternativ A er det beste alternativet ut i frå ein heilskap i trafikkvurderinga. - Alle alternativ er iht. Statens vegvesen (SVV) sin vegnormal N100. - Kommunen var positiv til at det var gjort ein grundig utgreiing av forslag til skuleveg og trafikktryggleik. - I oppstartsmøtereferatet kjem det fram at kommunen ikkje kunne vurdere tilråding av oppstart for planarbeidet, før plankonsulent kunne vise til faglege vurderingar for trygg skuleveg og trafikkbilde. Trafikkbildet og tilkomst i område er problematisk, og ein tilbakemelding på desse tema var òg essensielt for ein eventuelt tilråding. - Kommunen vil ta stilling til endeleg avgjerd om planoppstart i ein intern avklaring. - Delar av skulevegen vil gå på fylkesveg, og det er Vestland fylke som er vegmynde her. - Rekkefølgekravet om trygg skuleveg stillast på bakgrunn av føresegn jf. kommuneplanens arealdel. - Plankonsulent/forslagsstillarar treng å få tilbakemelding om kommunen kan stilla seg bak eit av alternativa, slik at dei kan ta stilling til vidare planarbeid.

Kommunens informasjon om arbeid knytt til Brattholmen skule. Vestland fylke si rolle.	Oppgradering av uteområdet og areal rundt Brattholmen skule: - Kommunen informerte om arbeid kring Brattholmen skule. Kommunen skal legge VA-leidningar ned mot Brattholmen kai. I følgje opplysningar frå Samferdsleavdelinga i kommunen har dei fått akseptert teikningar på fortau ned mot Brattholmen kai. Gjennomføringsavtale med Vestland fylke om fortau er ikkje signert. Alle tiltak er planlagt ferdigstilt ila. 2024. - Planavdelinga er nyleg informert om dette arbeidet. - Plankonsulent stilte spørsmål om fortauet kunne byggjast utan ein reguleringsplan. - Kommunen viste til at har vore praktisert på andre fylkesvegar, men tilbakemelding på dette må kome på eit seinare tidspunkt når vi har fått ein avklaring. - Plankonsulent ønskjer ein oppdatering på kva fylket har avklart med kommunen. - Vi kjem tilbake med meir info etter vi har ein samtale med Samferdsle/eigedomsavdelinga.
Gjennomføring	- Kommunen er opptatt av gjennomføringsevne i planarbeid, og små planar med store rekkefølgekrav kan gi utfordringar for planens gjennomføring. - Offentlege interesser i rekkefølgekrav, aukar gjennomføringsevna for reguleringsplanar. - Utbyggingsavtale er truleg ikkje aktuelt her, men det må ein endeleg ta stilling til i planprosessen.
Andre problemstillingar	- Strandsoneverdiar og tilkomst til planområdet er andre problemstillingar som må løysast i planarbeidet. Dispensasjonssaka for tidlegare byggjesak gir nokre signaler frå Statsforvaltaren i Vestland og frå politisk hald.
Renovasjon	- I oppstartsmøte fekk tiltakshavar tilbakemelding om at ØyVAR har informert om at eit renovasjonsareal kan samordnast med reguleringsplan for Hesthaugen. - Forslagsstillar informerte om at praksis for renovasjon er at renovasjonsbil må rygge inn på eigedom GBNR 42/134 frå Brattholmen kai. - Ein var samd i at dette var ein uheldig løysing i dag, og at ØyVAR har uttalt seg på bakgrunn av dette. - Tiltakshavar vart gjort merksam på at det må verte planlagt for ein renovasjonsløysing som er i tråd med kommunen si norm (norma har nyleg vore på høyring og er ikkje vedteken).
Tilråding av oppstart	- Kommunen vil ta stilling til endeleg tilråding av oppstart av plan og deretter stilling til varslingsområde - Kommunen foreslår at det vil vera mest hensiktsmessig å ta med ein større varslingsgrense, uavhengig av planane til fylket.

	- Det er betre å varsle breidt slik at ein kan avklare endeleg planområdet på eit seinare tidspunkt. Ein vil unngå fleire utvidingar av plangrensa om ein sikrar stor nok varslingsgrense. - Kommunen og tiltakshavar må bli einige om varslingsgrensa dersom kommunen tilrår oppstart av planarbeidet.
Kommunens førebelse råd/vurderingar og vidare saksgang	- Kommunen kunne ikkje vurdera dei ulike trafikkalternativa i møtet. - Kommunen vil ta stilling til dei ulike alternativa og komma med ei tilbakemelding. - Kommunen vil ta ein intern avklaring med Samferdsel om planane for fortau frå Brattholmen skule til busstoppet ved Brattholmen kai. Samtidig får vi også truleg svar på Vestland fylke sine avklaringar med kommunen. - Plankonsulent etterspurde teikningar frå Samferdsel. Vi skal undersøke om det er mogleg å få tak i dei, og ev. ettersenda dei.